



ASSET BASED COMMUNITY DEVELOPMENT

STYRKEBASERT UTVIKLING
I REGI AV BORN OG UNGE



Utgitt av Høgskulen på Vestlandet 2021

Styrkebasert utvikling i regi av born og unge. Asset Based Community Development.

ISBN: 978-82-93677-44-4

Dette heftet blei utarbeida ved fagseksjon for samfunnsarbeid av leiar og førsteamanuensis Rita Agdal, høgskulelektor Rianne Vogels og høgskulelektor Inger Helen Midtgård ved Institutt for velferd og deltaking ved Høgskulen på Vestlandet. Masterprogrammet i samfunnsarbeid er eit tverrfagleg studietilbod som vektlegg kollektiv handling, samproduksjon, sosial innovasjon, sjølvutvikling og dialog.

Ettertrykk der det tydeleg blir vist til kjelder er velkommen.

Bilete der det ikkje er vist til kjelder er frå Pexels og Piqsels og kan brukast, delast og endrast fritt, også i kommersiell samanheng.

Brukarlisens for dette heftet: vis til kjelda, ikkje til kommersiell bruk, ingen endringar av innhaldet.



STYRKEBASERT UTVIKLING I REGI AV BORN OG UNGE

Asset Based Community Development

Dette heftet inneheld tips om korleis ungdommar og born kan engasjere seg i nærmiljøet sitt, og korleis ein kan få fleire med på å få til gode liv for alle. Dette heftet er retta mot initiativ som startar i skulen og som kan utvidast derifrå.

Om det fristar å tenke større, så er det fleire tips og metodar i '[Oppskriftsheftet ditt for eit stadig betre lokalsamfunn. ABCD på 1-2-3](#)' som kan lastast ned gratis frå Høgskulen på Vestlandet.

Velkomen!

Dette heftet gir praktiske verktøy for styrkebasert utviklingsarbeid med born og unge. ABCD mobiliserer styrkane til den enkelte og skapar nettverk og tilhøyrslø. Heftet viser korleis born og unge kan bli kjent med eigne og andre sine ressursar og ressursar i nærmiljøet. I neste fase vert ressursane kopla saman og skaper noko nytt!

Heftet viser grunnprinsippa i ABCD og enkle øvingar for alle som vil engasjere born og unge. Det er øvingar der deltakarane oppdagar styrkar og ressursar på nokre timar. Andre øvingar fører til lengre prosessar.

Kvar side har ein fargekode i øvste hjørne. Start gjerne med sidene som er markert med oransje for å sjå dei konkrete øvingane. Sider markert med brunt introduserer prinsipp for ABCD. Tips og triks er markert med beige. Heftet har i tillegg nokre eksempel på ABCD-prosessar ulike stader i verda.

Ved at personlege ressursar blir meir synlege, blir deltakarane kjende med seg sjølve og andre på nye måtar. Å bli kjent med eigne ressursar gir ABCD-prosessen eit fundament for å knyte band med andre. Deltakarane får forståing av korleis fellesskap og samfunn blir bygde gjennom aktiv deltaking. Når ressursar og styrkar blir knytt saman, vert det skapt nettverk og utvikling.



Styrkebaserte tilnærmingar kan brukast for å skape eit godt og inkluderande læringsmiljø, eller for å gi impulsar til utviklingsarbeid i og med lokalsamfunnet. Samarbeid mellom skule og lokale organisasjonar er mogleg, men ikkje naudsynt for å bruke ABCD.

Dei styrkebaserte øvingane gir elevar grunnlag for å forstå demokratiske prosessar og medborgarskap. Gjennom ABCD får deltakarane erfaring med korleis fellesskap og samfunn vert utvikla gjennom aktiv deltaking.

Ungdom og eldre born treng å sette ord på demokratiske prosessar og erfare forskjellen på å vere konsument og skapande innbyggjar. ABCD bidrar til at dei blir skapande innbyggjarar.

Øvingane passar som undervisningsopplegg under dei tverrfaglege temaa i læreplanen: Demokrati og medborgarskap og Folkehelse og livsmeistring

ABCD-prosessar skapar entusiasme og lyst til å bidra i utforming av lokalsamfunnet. Her blir born og unge kjende med egne og andre sine styrkar, og korleis dei sjølve kan skape nettverk og gjere ein forskjell.

Ha ei fin nærmiljøutvikling!

FORSTÅ DEI TRE PRINSIPPA I ABCD	8
VEL AMBISJONSNIVÅ	12
FØRSTE FASE: RESSURSKARTLEGGING	13
ANDRE FASE: SAMANKOPLING AV RESSURSANE	22
TREDJE FASE: IGANGSETTING AV INITIATIV	24
VURDERING OG EVALUERING	44
EKSEMPEL OG INSPIRASJON	HER OG DER



INNHALD - SIDE FOR SIDE

<i>Velkomen! Bruksretteiing for ABCD-heftet</i>	4
<i>Innhald – struktur og side for side</i>	6
<i>Tre mobiliserande spørsmål</i>	8
<i>Kva er ABCD og styrkebasert utviklingsarbeid?</i>	10
<i>Kvifor er det viktig å engasjere dei unge?</i>	11
<i>ABCD kan gjerast smått – på nokre timar – eller stort</i>	12
<i>Ressurskartlegging – fundamentet for ABCD</i>	13
<i>Samtalespørsmåla til det gode livet</i>	18
<i>Mobilisering – kva engasjerer?</i>	21
<i>Ressurskopling – de har oppdaga mange ressursar. Desse kan koplast!</i>	22
<i>Ressursane sett i spel – systematisering og handling</i>	24
<i>Hugs feiring</i>	26
<i>Eksempel på ABCD-prosessar</i>	27
<i>Ressursar som verkar</i>	36
<i>Kva er gode møteplassar?</i>	37
<i>Leit etter skjulte skattar</i>	39
<i>Vurdering og evaluering av arbeidet</i>	44
<i>Handlelista og kjøleskåpet</i>	46
<i>Lokalvettreglar til skulen</i>	48
<i>Lokalsamfunnet blir gjerne med – sjølv om du ikkje meinte det sånn</i>	49
<i>Kva når ungdom og born kranglar om prosjekt?</i>	50
<i>Nokre videoar som kan vere til inspirasjon i arbeidet</i>	51





TRE MOBILISERANDE SPØRSMÅL



- **KVA BRYR DU DEG SÅ MYKJE OM AT DU VIL GJERE NOKO MED DET?**

- **KVA EIGENSKAPAR, EVNER OG ENGASJEMENT KAN DU BIDRA MED?**

- **KVA SKAL TIL FOR Å FÅ ANDRE TIL Å DELTA?**

KVA MÅ VERE KJERNEN I EIN ABCD-PROSESS?

Styrkebasert utviklingsarbeid skjer i utdanning og lokalsamfunn rundt om i heile verda. Asset-Based Community Development oppstod for å skifte fokus frå utfordringar til ressursar.

Å starte kartlegging av ressursar i den enkelte og i omgjevnadane skapar optimisme og entusiasme. Det gir ei moglegheit til å bli kjent med sine egne og andre sine styrkar og evner.

Når ressursane blir synlege, kan dei mobiliserast og knytast til ønske og visjonar. Då startar prosessen med å skape noko saman, og relasjonar og nettverk vert styrka.

Enten ABCD vert drive i skulen eller i lokalsamfunn, så må desse tre prinsippa vere med:

- **ABCD er ressursbasert.**

Proessen fokuserer på styrkar og ressursar i deltakarar og omgjevnader.

- **ABCD er relasjonsorientert.**

Sosiale nettverk vert styrka.

- **ABCD er deltakarstyrt.**

Dei som er med eig prosessen og startar med kartlegging av egne ressursar før dei finn måtar å bruke dei på.

Deltakarane finn ressursane sine, bestemmer kva dei vil, korleis dei kan engasjere fleire og korleis dei vil gjennomføre arbeidet.



KVIFOR DET ER VIKTIG Å ENGASJERE DEI UNGE?

SÅ MANGE GRUNNAR

BORN OG UNGDOMMAR ER RESSURSAR

Det er mange grunnar til å invitere ungdom med i innsatsen for å utvikle lokalsamfunnet, enten det er inne på skulen eller som del av eit større samfunnsutviklingsinitiativ:

- *Born og ungdom har mest å tene på ei investering i framtida!*
- *Dei har tid, og tid er ein ressurs i seg sjølv.*
- *Dei er kreative, og dei har idear.*
- *Dei er knytt til plassen og veit kva som skjer der.*
- *Dei blomstrar når dei får sjansen til å delta.*
- *Unge har entusiasme og energi som smittar over på andre.*
- *Dei kan rekruttere foreldre og andre til å delta.*
- *Born og ungdom sin rett til å medverke er nedfelt i grunnlova og i andre lover som plan- og bygningslova.*
- *Be gjerne ungdommane og borna å sjølv komme opp med fleire grunnar:*
- *Dette meiner dei sjølv: _____*



ABCD KAN GJERAST SMÅTT, PÅ NOKRE TIMAR ELLER STORT VAL AV AMBISJONSIVÅ

AMBISJONSIVÅ

Det er mogleg å bruke delar av ABCD eller å sette i gang ein stor prosess. Det viktige er å halde fast i dei tre grunnprinsippa (side 10).

Born og ungdom kan kartlegge og bruke eigne ressursar i eit klassemiljø, eller ein kan begynne i skulen og utvide derifrå. Ungdommane kan også arbeide med ein ambisjon om å mobilisere heile nærmiljøet og ressursane der.

Dette heftet er innretta for initiativ som startar i skulen og som kanskje vil bli utvida derifrå. Om det fristar å tenke større, så er det fleire tips og metodar i **Oppskriftsheftet ditt for eit stadig betre lokalsamfunn. ABCD på 1-2-3** som kan lastast ned gratis frå Høgskulen på Vestlandet.

TILRETTELEGGING

ABCD går ut frå born og ungdom sine eigne ressursar, engasjement og initiativ. Dei vaksne skal ikkje styre eller overta arbeidet. Samstundes er det viktig å ikkje overlata born og ungdom til seg sjølv. Dei vaksne er viktige støttespelarar og bidrar til at dei unge ikkje går lei fordi dei misser motet eller interessa. Heftet inkluderer eksempel på korleis ein kan få dette til, heilt ned til barnehagealder (side 32). Det viktige er å starte med ressursane, og at borna i neste fase koplpar ressursar og set mål.



RESSURSKARTLEGGING

BORN OG UNGDOM ER EIT OPPKOME AV RESSURSAR OG PÅGANGSMOT

SLIK GJER DU

- Finn eit tema som engasjerer ungdom og born. Til dømes:

«Borna kan oppdra ein landsby.»

«Deira stemme, deira prosjekt.»

«Korleis gjere vår klasse/skule/bygd til den beste.»

Det kan godt vere at det bak invitasjonen skjuler seg ei bekymring for mobbing, seksuelle grenseoverskridingar, rasisme, hæververk, unnasluntring eller noko anna. Likevel: invitasjonen skal ha ei positiv vinkling. «Ungdom – framtida si notid» er eit tema som peiker på det positive, det som kan vekse og utvikle seg. «Elever droppar ut – kva gjer vi?» er negativt og fokuserer på manglar.

- Tenk over korleis samlinga skal gå føre seg og fordel oppgåvene.
- Kall inn til ein idéfest eller feiring, helst med litt mat og kultur.
- Presenter temaet for samlinga. Start gjerne med eit lite innslag frå skuleelevane eller andre unge. Leit etter dei som fortel ei god historie eller vits, dansar eller kan noko anna. Overalt er det talent som kan vise seg fram, men som treng at nokon spør før dei kjem fram med det dei kan.

Sei litt om kva du brenn for og finn ut kva elevane brenn for. Dei neste sidene introduserer ulike måtar å gjere dette på.



FUNDAMENTET FOR ABCD: RESSURSKARTLEGGING

Kjernen i ABCD er å få fram det som kvar og ein har å bidra med, for å forme samfunnet som vi ønsker oss. Enten det er evner, ferdigheiter, kunnskap eller engasjement: ei positiv utvikling startar med å finne dei ressursane som vi allereie har.

Dette gjeld om innsatsen blir gjort i ei gruppe, like mykje som i ein omfattande prosess for eit godt nærmiljø. Ressurskartlegginga kan introduserast på mange måtar, avhengig av kor omfattande prosessen er tenkt å vere, kor mykje tid ein vil bruke og alderstrinn.

For born og unge som framleis formar identiteten sin og sjølvbiletet sitt, er ressurskartlegginga også nyttig for å kjenne på at dei har eigenskapar og ressursar som er positive og nyttige. Personlege ressursar endrar seg gjennom livsløpet og kan kartleggast og engasjerast på ulike måtar.

Her er nokre tips til ressurskartlegging med born og unge:

- Det er lurt å først løfte både stemninga og takhøgda. Be borna eller dei unge å føreslå ein lek eller song, øv inn ein tiktok-video saman eller gjer noko heilt anna. Bakerst i heftet ligg ei lenke til litt forskjellige ice-breakers som kan brukast i skulen.
- Born og unge kan vere usikre og litt blinde for ressursar som dei har. Vis at terskelen for kva som blir rekna som ressurs er låg. Ver tydeleg på at alle ressursar er viktige, og at det ikkje er nokon fasit. Presenter gjerne ei enkel evne du sjølv har, som å plystre eller å springe fortare enn småborn. (Obs - denne er upopulær blant småborn.)
- Be dei om å ikkje vere beskjeden . Viss dei kjenner til jantelova, be dei lausrive seg frå henne.
- For dei beskjedne blant dei yngste kan spørsmål som «Kva ville di mamma eller din pappa sagt om kva du kan?» få fram både smil og talent.

Bruk gjerne god tid, slik at kvar elev finn evner og kapasitet å vere stolt over. La elevane gjerne tenke heime og med venner også, men ikkje gjer det til ei lekse.



KARTLEGGING PÅ LAPPAR

Born og unge kan sjølv kartlegge sine ressursar og evner ved hjelp av Post-it-lappar i ulike fargar. Eit nyttig triks er å gi borna eller ungdommane eit stort, kvitt ark og be dei teikne ein figur med hender, hovud og eit hjarte. Be dei skrive ting dei kan, veit noko om og bryr seg om, i tråd med skildringane under.

Om borna er små, kan læraren skrive. Dei litt eldre kan delast i grupper og utfordrast til å finne flest mogleg talent i kvar gruppe. Det kan bli ein konkurranse mellom gruppene.

Eit anna triks er å bruke nokre av «Samtalespørsmåla», sjå side 18.

HENDENE – GULE LAPPAR

Be dei skrive ned (eller skriv ned for dei) på gule lappar kva praktiske ting dei kan, slik som å male, sy, klippe hekken, reparere sykklar, vatne plantar, bygge lego, danse, spele, teikne eller bake.

La dei fortelle kvarandre kva dei kan og finne andre som kan det same, eller andre som er gode til nettopp det dei sjølv ikkje kan og treng hjelp til.



HOVUDET – GRØNE LAPPAR

La borna eller dei unge skrive på grønne lappar kva dei er gode til, slik som å ha struktur og orden, å rekne, skrive tekstar, planlegge, lage tiktok-videoar, spele dataspel, finne løysingar på youtube, få andre til å le, få andre til å tørre noko eller å få andre til å vere forsiktige.

La dei presentere for kvarandre kva dei kan. La dei igjen finne andre som kan det same, eller som kan noko anna som er til hjelp og nytte.



HJARTE – ROSA LAPPAR

La deltakarane kartlegge sine evner med tanke på kva dei bryr seg om. Bruk rosa lappar til å skrive ned det kvar enkelt er god til, slik som å bryr seg om andre, å ta vare på nokon eller noko, å ha omsorg for andre, å passe på at alle får vere med, å bryr seg om dyr eller om miljøet eller å seie noko når ein annan blir plaga.


La dei igjen fortelle kvarandre kva dei kan. La dei igjen finne ressursar som kan koplast fordi dei er like, eller fordi dei forsterkar kvarandre.



Heng dei gule, grønne og rosa lappane på ein vegg. Inviter alle til å gå rundt og sjå på ressursane som de har funne. Snakk saman om kor rike de er på ressursar og kjenn på det!

De har no kartlagt ressursane. Det vil seie dei personlege og primære ressursane som deltakarane har, og som de sjølv bestemmer over.

Dette er heilt supert, og sjølve fundamentet i ABCD-satsinga dykkar. Ta vare på lappane :)



KVA SLAGS TALENT HAR DU?



SAMTALESPØRSMÅLA TIL DET GODE LIVET:

FÅ FRAM BIDRAG OG TALENT, OG KORLEIS DESSE KAN BINDAST SAMAN

DITT FUSKEARK FOR SAMTALAR TIL DET GODE LIV

Ein god samtale kan utvikle seg frå å forsiktig å helse på ein på skulen, til å bli ein ekte venn.

Spørsmåla på dei neste to sidene kan vere til hjelp for å finne ut kva born og ungdom likar å halde på med, kva dei tenker på, kva dei gjerne vil og kva dei kan bidra med. Vi kallar desse for samtale spørsmåla til det gode livet.

Spørsmåla er ikkje meint som ei spørreundersøking eller ein intervjuguide, men som hjelp til berikande samtalar. Spørsmåla kan bidra i ei oppdagingsreise for å forstå bidrag, evner, talent eller styrkar som ein ungdom eller eit barn har. Spørsmåla kan delast ut for at elevar kan få velge blant desse eller selekterast av ein lærar. Dei kan svarast på i samtaler mellom to elevar, i små grupper eller åleine.

Ressurskartlegginga med dei gule, grønne og rosa lappane kan gjerne gjerast djupare etter desse samtalanene, med ekstra lappar, eller gjerast i etterkant.

- **Oppdag** kva som gjer livet rikare frå eleven sitt perspektiv.
- **Utforsk** kva slags engasjement som kan utviklast til nye moglegheiter og bidrag.
- **Kople saman** evner, talent og engasjement.

OPPDAG

UTFORSK

KOPLE SAMAN





Kva kan du noko om?

(musikk, film, spele musikk, historie, språk, fuglar, sport, bøker, poesi, lage videoar, eit anna land, noko anna)

OPPDAG ►

Kva bryr du deg om?

(å lytte, å vere med andre, å bry seg om andre, at dyr har det bra, å jobbe frivillig, noko anna)

OPPDAG ►

Likar du å gjere noko praktisk?

(gjenvinning, hagearbeid, bake, gå tur, fiske, pakke inn gåver, lufte hunden, lese kart, noko anna)

OPPDAG ►

Kva likar du å gjere som gjer at du gløymer tid og stad?

Kva gjer deg mest glad?

Kva likar du aller mest?

OPPDAG ►

Kva er dine favorittleiker eller spel?

Har du andre hobbyar eller interesser som vi ikkje har snakka om?

OPPDAG ►

Kva er typisk for deg?

Kva er di greie?

Kva har du det gøy med?

OPPDAG ►

Kva kan du hjelpe andre med?

UTFORSK ►

KOPLÉ ►

Kva for 3 aktivitetar likar du best?

OPPDAG ►

Ville du likt å vise ein annan korleis desse aktivitetane kan gjerast?

UTFORSK ►

KOPLÉ ►

Kva for oppgåve kunne passa til det du likar aller best?

UTFORSK ►

Kva ville du likt å selge?

UTFORSK ►

Har du nokon gong laga noko?
Har du nokon gong reparert noko?

OPPDAG ►

Kan din «vanskelege» eigenskap bli til eit positivt bidrag? (Driv du med dans i staden for matteoppgåver?)

UTFORSK ►

Kva er dei tre tinga du har mest lyst å lære?

Kva kunne du lært bort til andre?

Kva ville du likt å lære bort?

UTFORSK ►

Kva for lag eller grupper er du med i?

OPPDAG ►

Har dette noko å gjere med det du likar best?

UTFORSK ►

Kva meir er det i og utanfor skulen?

KOPLÉ ►

Korleis tenker du at du kan bidra?

UTFORSK ►

KOPLÉ ►

Kva bryr du deg nok om til at du ville gått saman med andre for å gjere noko med det?

OPPDAG ►

UTFORSK ►

KOPLÉ ►

Om tre andre på skulen ville vere villige til å hjelpe til, kva ville du likt å få til?

OPPDAG ►

KOPLÉ ►



MOBILISERING

KVA ENGASJERER?

KVA ER BORN OG UNGDOM OPPTEKNE AV?

Under ressurskartlegginga byrjar det gjerne allereie å bli tydeleg kva ungdommane og borna er opptekne av. Skjer det ikkje, så gå vidare til ressurskopling!

- *Spør kva dei syns er viktig, lovande eller artig, og kva dei vil gå vidare med.*
- *Born og ungdom vil ofte bli dregne mot det som dei allereie har likt å bruke tid og energi på, eller som dei allereie brenn eller uroar seg for, og det er supert.*
- *Finn ut kva som engasjerer dei og hjelp dei å sette ord på sine tema.*
- *Motivér ungdommane til å trekke inn fleire meiningar og fleire personar, gjerne både innanfor klassen og utanfor klassen. Støtt dei i å invitere andre inn.*
- *Leik med tema og retningar og formuleringar til alle finn noko som dei bryr seg om. Jobb så med å gj det ein positiv vri.*

Dette kan ende med eit enkelt tema eller utviklingsspørsmål som er positivt og samlande for alle, men mest sannsynleg vil det vere fleire spørsmål eller tema som mindre grupper samlar seg rundt. Spørsmåla eller temaa bør engasjere og begeistre. Har alle funne noko som dei bryr seg nok om til å gjere ein personleg og felles innsats?



RESSURSKOPLING

DE HAR OPPDAGA MANGE RESSURSAR. DESSE KAN KOPLAST!

FINN EIN VEGG OG PAPIR OG TAPE

Finne fram dei ressursane som de kartla ved oppstarten. Finne ein vegg der de heng opp lappar med dei ressursane som kan brukast til å ta fatt i temaet som de har valt.

- Ressursar må koplant saman for å kunne oppnå noko. Lag fysiske koplingar for å sjå dei i samanheng. Bruk tråd og teiknestiftar, tape eller flytt lappar saman.


- Finne fram blå Post-it-lappar. Spør ungdommane eller borna: Kvar kan vi finne svar på spørsmålet vårt?

Finne stader de har moglegheit for å bruke eller kan be om å få bruke. Både fysiske (hus, skule, idrettsanlegg, park, offentlege bygg) og organisatoriske (foreining, frivillig organisasjon). Skriv desse på lappane.

- Ta ei ny vandring for å sjå på ressursane. Kva kan de legge til, kva har de ikkje inkludert enno? Manglar det noko? Er det noko de treng lokalt, men som de ikkje har tilgang til? Skriv desse opp på lappar.



No har de skapt eit solid grunnlag for ressursbasert utvikling. Det er tid for handling!



MOBILISERINGSSJEKKLISTA

Sjekk ut:

- Er dette spørsmål eller tema som fleire er einige om er gode?
- Skapar nokon av desse temaa fellesskap?
- Kan vi vere stolte av dei?
- Kan vi få fleire med oss – når dei ser kva vi vil arbeide for?
- Er alle i gruppa som tar tak i eit tema einige, og er vinklinga positiv?
- Er dette noko de kan jobbe for med glød og energi?

Her kan de gjerne ta nokre rundar og snakke gjennom fleire idear, slik at de endar opp med eit eller fleire spørsmål eller tema som gir retning, lyst og glød og som er samlande. Sjekk at alle får bruke sitt engasjement i ei gruppe, sjølv om ho blir lita. Skriv det ned.

Her er nokre eksempel på spørsmål eller tema (men her er det de som har fasit):

- «Korleis inkludere fleire i og rundt skulen?»
- «Kultur på tvers – born, ungdom og eldre skapar kunst og kultur saman..»
- «Korleis lage aktivitetar som passar for fleire på området ved sida av banen?»

Når tema eller spørsmål er bestemt, så må det feirast! Ha fanfare klar, lag ein ny og festleg tiktoksnutt eller vel ein annan måte å markere dette på der og då. De har oppnådd ein viktig milepæl og er einige om kva de skal jobbe fram mot!



RESSURSANE SETT I SPEL

SYSTEMATISERING OG HANDLING

TID FOR HANDLING

De har funne ressursar, de har laga koplingar, og de har peikt på stader/arenaer der ressursar kan mobiliserast. No er det på tide å sette prosjektet ut i livet! Så, før de går heim:

- *Planlegg vegen vidare. La elevane med ressursar som blei kopla saman, organisere seg. La dei finne ut når de skal møtast neste gong og kva som skjer fram til då.*
- *Dette kan gjerne vere små grupper på to eller tre. Det viktigaste er at de brenn for det de skal gjere saman, og at alle har funne noko å bidra til og med.*
- *Det er viktig at dei føler seg frie til å seie nei, eller til å berre gjere det som dei føler sterkt for. Dei skal ikkje føle seg tvungne til å handle, eller at dette blir ei byrde.*
- *Om elevane går heim og snakkar om kva dei vil gjere, så kan det hende at det plutseleg er vaksne som også vil bidra. Det er fint! Gjer arbeidet kjent for fleire!*
- *Avklar kven (minst to) som har ansvar for å organisere neste samling. Planlegg gjerne mat og kulturelt innhald. Kven kan synge, spele eller fortelle noko?*
- *Hugs å la dei unge få styre. Dei vaksne eller meir erfarne ungdommane skal støtte dei, ikkje styre eller overta prosessen.*





«EG ER JO ELEV, MEN AKKURAT NO ER EG ABCD-PROFF»

HUGS FEIRING

TIPS PÅ VEGEN

HUGS Å FEIRE MILEPÆLAR UNDERVEGS I UTVIKLINGSPROSJEKTET

Hugs å feire milepælar! Til dømes når ei elevgruppe har fått meir erfarne elevar til å hjelpe til med deira prosjekt, og dei har sagt ja. Eller når elever får tilgang til utstyr og trening for å lage videopodcast. Grappa har komme eit stykke på veg, det er mykje som skal skje enno, men de feirar det som er gjort med snorklipp, tale, musikk og pizza.

Kvar milepæl kan bli ein liten fest. Dei som har jobba saman blir gjort stas på. Lysta til å fortsette og tilliten aukar, og fleire kan få lyst til å bli med. Viss fleire grupper er i gang, la dei få vite om kvarandre sine prosjekt og framgang.

Vi turte å spørre tre store elevar om dei kan hjelpe oss, og dei sa ja.

**Yess vi kan bruke studio og har fått til opptak med mik.
No blir det livestreamparty.**



EKSEMPEL PÅ ABCD-PROSESSAR

TIPS PÅ VEGEN

EKSEMPEL: ABCD I 7. TRINN

Dag 1

Hovud, hjarte og hender-øvinga blei brukt ved oppstart av 7. trinn. Det skulle markere at det nærma seg slutten av barnetrinnet, og at elevane no hadde mange ulike ressursar. Gleda og engasjementet var stort. Dei fann ut at det var mykje dei ikkje visste om kvarandre. Fleire fann felles interesser. Dei snakka om interesser og ressursar og oppdaga nye sider ved kvarandre. Dei trakk trådar mellom lappar som dei meinte passa saman.

Dag 2

Dag to arbeida klassen for alvor med ressurskopling. Det resulterte i stoltheit over eigne ressursar. Det blei starta matlagingsklubb der dei gledde seg til å lære av kvarandre. Ei gruppe hadde bestemt seg for å arrangere bålkveldar med grilling for klassen. I tillegg ville dei lage ein klubb der dei som gruppe kunne tilby hundepass og handling. Det siste ville dei gjere kjent gjennom velforeininga og foreldrearbeidsutvalet. Dei ble delt i grupper for å planlegge det dei ville utvikle. Planane presenterte dei for klassen. I tillegg tok dei bilete av lappane for å kunne vise fram prosessen på veggavis på ei utstilling for foreldre. Til slutt laga dei eit «torg» for å rekruttere fleire til aktivitetane.

Her kunne prosessen blitt runda av. Lærarane blei tent av elevane sitt engasjement og valde å fortsette i ein ny fase. Dei bevega seg frå fokus på eigne ressursar til ressursar i nærmiljøet.



EKSEMPEL ABCD I 7. TRINN, FASE 2

Dag 1 av fase 2

7. trinnet snakka om grupper og fellesskap dei er med i, om lokalsamfunnet og om kvar folk møtest. Dei diskuterte: Kva er ein møteplass? Kva for nokre av dei brukar dei sjølv?

Dei gjekk ut i grupper på fire, for å sjå etter kva for møteplassar dei kunne finne og kven som brukar dei. Det var det mange av! Dei laga ein ny vegg med eit stort kart der dei markerte møteplassane med nye lappar. Gruppene presenterte for kvarandre.

Ved båthamna møttest dei gamle mennene ved benken. Kanskje kunne dei hatt en kafé eller ein innestad der? Kva om fotballbanen hadde hatt benker, så kunne dei eldre vere der sjølv om dei var trøtte av å stå?


Kanskje sandkassar for dei minste ved sida av ballbingen? Eller ein gapahuk? Gjerde rundt heile leikeplassen? Kva om det var ein fast plass for grilling ved sida av ein stor gapahuk?

Dei ønska seg utbetring og nye plassar.

Dag 2

Dei valde ut møtestader som dei ville forbetre, gjorde klar presentasjonar, og så blei det utstilling for å få med fleire. Då sto dei klare ved prosjekta dei ville gjere og forklarte til dei som kom.

Utstillinga blei annonsert på lokalsamfunnet si Facebookside, på oppslagstavle på nærbutikkane og via foreldrearbeidsutval, elevråd og frivillige organisasjonar i nærområdet. Ordførar blei invitert til å opne, men det blei rektor som tok oppdraget.



EKSEMPEL: ABCD I 10. TRINN**Saman for Vik**

Saman for Vik var namnet på ei temaveke for 10. trinnet, knytt til forståing av kommune, lokaldemokrati og maktfordeling.

Klassen fekk i oppgåve å finne ut korleis innbyggjarar kan påverke planprosessar. Leiaren for det lokale grendeutvalet blei invitert til å fortelle om deira arbeid, og klassen fekk lenke til kommunen sitt arbeid med arealplan.

Deretter blei dei delt i grupper og fekk ein time til skattejakt i sitt nærmiljø. Så presenterte dei funn for kvarandre. Elevane oppdaga fine stader dei ikkje hadde visst om og stader som kunne bli attraktive. Dei teikna inn skattane og stadane på kart som dei viste fram.

Dei tre mobiliserande spørsmål

Med utgangspunkt i entusiasme over oppdaginga i nærmiljøet, arbeida dei vidare i grupper. Elevane diskuterte dei tre mobiliserande spørsmål frå side 8:

- *Kva er det du bryr deg så mykje om at du er villig til å gjere noko med det?*
- *Kva for eigenskapar, evner og engasjement kan du bidra med?*
- *Korleis kan vi få andre til å delta?*

Elevane presenterte forslag for heile klassetrinnet. Nokon skapte begeistring, og arbeidsgrupper blei danna.



Sortering i tabell

Mange prosjektforslag blei sortert og lagt på ei felles plattform. Gruppene laga ein tabell på plattformen med kontaktpersonar og møter. Tabellen blei utvida med kolonne for andre prosjekt som kunne gjerast med lokal innsats og prosjekt som trengte ressursar utanfrå. Dei tok vare på oversikta over evner, eigenskapar og engasjement.

Sånt blir det lokaldemokrati av

Gruppene jobba fram ein plan med forslag til kven som burde inviterast inn. Grendeutvalet blei ein engasjert partner som sette ungdommane i kontakt med andre.

Elevane lærte om lokaldemokrati i teori og praksis. Det dei sjølv gjorde, gav varige resultat i nærmiljøet. Dei fleste prosjekta i tabellen blei fullført i løpet av tre år i samarbeid med grendelaget, foreldrearbeidsutvalet og andre som ungdommen mobiliserte.

Dette gjer vi sjølv	Litt støtte trengs	Idear å ta vidare	Til kommunen
Klassetur til Varden	Dans på skulen kvar 1. fredag i månaden	Klatrepark	Grønnevågen blir brukt av oss
Utekino ved steindumpen	Gapahuk	Kafé	Krattskogen bak kulturhuset blir brukt til leikeområde og hyttebygging
Kunnskapsbytte med eldre. Dei får hjelp med mobil og data, vi stiller spørsmål om det vi treng	Byttemarknad eller ei bod der ein kan legge brukt sportsutstyr	Flytande badstove	Heller overbygde møtestader enn ny volleyballbane.





«JO EG SKAL ØVE MAMMA. MEN KVIFOR FJERNA DEI
NISSEHAUGEN? VI LEIKA JO DER.»

EKSEMPEL: BARNEHAGE MED ABCD-INSPIRERT PROSJEKT

Eit målstyrt barnehageprosjekt initiert av utanforstående profesjonelle

Barnehagestyraren kalla inn til ABCD-prosess for foreldre og born. Mange stilte opp ved slutten av barnehagedagen og blei igjen for mat og prat. Stemninga var god.

Leiar fortalde at ho inviterte fordi kommuneoverlegen bekymra seg for overvektige born. Ho ville ha innspel for å auke borna sin aktivitet på fritida.

Det resulterte i at foreldre utveksla erfaringar om stader der borna likte å vere fysisk aktive. Borna leika, mens dei vaksne snakka saman. Foreldra sine kunnskapar om kvar borna likte å vere fysisk aktive på fritida blei kartlagt der og då. Det var den einaste ressursen som blei kartlagt.

Her blei ressurskartlegginga avgrensa av problemfokuset sett av ein utanforstående. Borna var ikkje direkte med.

Foreldra delte informasjon om aktivitetar og stader dei umiddelbart kom på, men kartla ikkje andre ressursar. Borna var ikkje delaktige. Ressursane i gruppa kom ikkje i spel, og prosessen stoppa.

Erfaringsutveksling er bra, men kva kunne skjedd med ein full ABCD-prosess?



FLEIRE EKSEMPEL: DRØYM STORT OG GLØYM DET?

Korleis støtte utan å styre? Fallgruver i ABCD-arbeid med born og unge

ABCD tenner ein gnist når born og unge blir kjende med eigne og andre sine ressursar. Dei kan sjå styrkar hos seg sjølv og andre. Lysta til å få til konkrete resultat kan bli til handling. Engasjerte born og unge kan mobilisere lokalsamfunn. Å bli klar over ressursane, kople dei og å sjå resultatata gir stoltheit og tilhøyrslse. Born og unge er lett å engasjere. Dei er spontane, men treng støtte i ABCD-prosessen. Nokre fallgruver går igjen i ABCD-prosjekt med born og unge. Her er nokre eksempel.


Eit ungdomsprosjekt utan ressurskoping

Ei engasjert ungdomsgruppe inviterte til pizza og ABCD-verkstad. Gymsalen blei fylt av ungdommar frå tre skular. Engasjement under ressurskartlegginga gav mange idéar! Overveldande mange idéar. Kven skulle sette alt dette ut i livet og organisere?

Initiativgruppa valde ein idé og sette han ut i livet sjølv. Det blei ein kveld med utekino, som blei ein suksess.

Der stoppa også prosessen. Ressurskartlegginga blei ikkje tatt vidare til koping av ressursar. Ressurskartlegginga og entusiasmen som oppsto kunne blitt ført inn i mange lokale prosjekt. Kva tenkte dei som hadde lagt fram sine ressursar og føreslått prosjekt som ikkje blei tatt vidare?

Nokre gongar stoppar gode prosessar fordi det blir uklart kven som skal gjere kva. Dei som er engasjerte, må gripe moglegheita. Born og unge treng støttespelarar for å kunne gå frå oppdaging til å kople ressursar i prosjekt.



Visjonar i lause lufta

Ein skuleklasse kartla sine ressursar. Veka etter fann dei utviklingstema og visjonar. Begeistringa var stor.

Så stoppa det opp.

Korleis skulle dei jobbe med visjonane? Dei hadde ikkje sett at visjonane skulle springe ut av deira eigne eller andre lokale ressursar.

OPPDAG

UTFORSK

KOPLE SAMAN

Prinsippa blei litt gløymde

Desse tre eksempelprosjekta hadde gode resultat, men kunne komme lengre viss dei hadde følgd dei tre ABCD-prinsippa: det å starte med lokale ressursar og med lokale nettverk, for så å kople desse saman til mål som vert sette ut i livet av dei som er med.

Dei tre prinsippa kan synast enkle, men er fort å gløyme. Nokre av oss er vande til å ta styring. I ABCD er kjernen å mobilisere og styrke born og unge gjennom å fokusere på deira ressursar i heile prosessar. Dei treng støttespelarar på vegen frå ressurskartlegging og ressurskopling til dei når måla sine. Litt som oss vaksne.



A close-up photograph of a person with dark hair, wearing a green lab coat, focused on working on a black electronic device. They are using a green-handled screwdriver to adjust a component on the top surface of the device. The device has a blue Intel Core i3 sticker on its left side. The background is softly blurred, showing a workshop or laboratory setting with a white wall and a blue poster. An orange banner with white text is overlaid across the middle of the image.

«NO FORSTO EG! ELLER. NEI VENT.»

NÆRMILJØRESSURSAR SOM VERKAR

LITT AV KVART

HAR DE VURDERT DESSE RESSURSANE?

I tillegg til dei personlege ressursane som vi kan kartlegge med hovud-hjarte-hender i klassen og på trinnet (side 15), kan vi mobilisere ressursar i skulen og i nærmiljøet:

- Ressursane som deltakarane og andre innbyggjarar sjølv har.
- Tid og engasjement.
- Ressursgrupper slik som elevrådet og dei frivillige organisasjonane i området.
- Institusjonar i området som støttar utvikling av lokalsamfunnet.
- Plassane de har (som gymsalen, parkar, leikeplassar, skog, fjord, fjell, kai).
- Historiar som formidlar kulturen og fortida til plassen.
- Å finne ut korleis desse ressursane kan spele saman.



KVA ER GODE MØTEPLASSAR?

TIPS PÅ VEGEN

TENK UTRADISJONELT

Heller enn å bruke kjende plassar som klassen, kantina eller gymsalen, spør: Kvar likar born og ungdom å henge? Kvar finn de dei som de vil ha med?

- Vil de gjere noko med leikeplassen? Dra dit og kom opp med tre tankar kvar. Lag draumeleikeplassen av papir, kartong, piperensarar, lim og fjør.
- Er de litt for alvorlege og litt for forsiktige? Organiser gjørmeløp.
- Heng de ved fotballbanen eller bensinstasjonen? Ok, fint. Stader der ungdommar kjenner seg vel, er gode stader for dei å møtast for eigen motor.
- Har de spørsmål som dei som driv lokalradioen kan svare på? Treff dei der.
- Drøymer de om ein konsertarena? Hald skuletalentoppvisning på byråkratane sin parkeringsplass når dei kjem klokka åtte om morgonen.
- Forklar for ungdom at det å vere sosial og å samle ressursar, handlar om å vere interessert i andre, ikkje om å få dei til å vere interessert i seg eller sitt prosjekt. Å bygge fellesskap handlar om å skape nye kontaktar gjennom å snakke saman.

Alle treng ikkje å samle seg samtidig. Fleire plassar og grupper gir variasjon. Etter kvart kan gruppene møte kvarandre til inspirasjon og fest, og vise kva dei har på gang.



KVAR BØR DE MØTAST?



LEIT ETTER SKJULTE SKATTAR

GJEKK DU BERRE FORBI, ELLER?

SKATTEJAKT 1

Ikkje alt er synleg. Vi veit berre om litt av det som rører seg i nærmiljøet. Derfor er skattejakt noko som kan gjerast for å få fram alt det vi ikkje veit. Det du ikkje ser fordi du tar det for gitt. Det du går forbi kvar dag utan å legge merke til noko. Ei skattejakt kan synleggjere skjulte ressursar.

- La deltakarane teikne eller ta bilete av skattar i nærmiljøet. Skattejakta startar med ein kort introduksjon. Grupper på ein til fire går rundt og leitar. Gi dei passeleg med tid avhengig av avstandar og om dei til dømes har sykkel. Gruppene møtest igjen på ein avtalt møteplass.
- La born utforske eit område under oppsyn. Born er gode på å utforske det ukjende og deler av det dei syns er spennande. Still spørsmål: «Er det noko her som du gjerne vil vise til meg?» «Kva syns du var best med turen i dag?» «Har du sett noko som du vil vise til pappa eller mamma?»
- La gruppene presentere skattane som dei har funne for dei andre gruppene, og oppdag kor rik plassen dykkar er! Gi ros til dei som oppdaga det som auga ikkje ser til dagleg. Det er lett å bli heimeblind.
- Lag gjerne ei utstilling og inviter alle.



SKATTEJAKT 2

Etter denne skattejakta er borna og ungdommane kanskje klare for meir?

Den største utfordringa i ABCD-prosessar er å finne dei personane som ikkje er vane med å bli rekna med, som ikkje vågar å engasjere seg, eller som ikkje viser, eller ikkje er klare over, at dei har ressursar.

- *Be ungdommane om å ha mobilkamera, notatblokk eller teiknesaker klare dei neste to vekene. Oppgåva er å finne det som er vanskeleg å oppdage ved første augekast. Inkludert ressursane som folk har.*

Kanskje ein gut i klassen oppdagar at faren hans syng vakkert i dusjen? Ta eit opptak av songen, del han, og med lang tids mildt press frå fleire enn sonen, er kanskje faren den tenoren som det nye koret treng?

Kanskje det er ei oldemor der ute som er ein herleg historiefortellar og kan bidra til barneteater?

- *Etter 14 dagars skattejakt møtest alle for å presentere skattar som dei har funne. Så startar arbeidet for å få skattane fram i lyset. Her trengs tid og tålmod.*
- *Husk at sjølv vaksne folk treng å høyre «Fordi du er så god på data, treng vi deg til å hjelpe oss med å lage ei nettside», «Sidan du er så god på å fortelle vitsar, treng vi deg sånn at møtet vårt kan få eit godt og humoristisk preg». «Eg veit at du er veldig god til å sløye fisk, og derfor treng vi deg som instruktør».*

Viss de finn ut kva folk er gode til, er sjansen større for å få dei med enn om du ber dei om noko dei ikkje kan eller ikkje interesserer seg for.



SKATTEJAKT 3 – RUSLEMAKING – Å SANSE NÆRMILJØET

Ruslemaking er ein metodikk som inneber å vandre i nærmiljøet og å bruke sansane – lytte, sjå og lukte. Å bruke kjensler og å ta i bruk assosiasjonar – for å kartlegge kvalitetar på ein plass. De treng ikkje å kategorisere desse som bra eller dårlege, berre legge merke til dei.

Kva bør ein ta vare på? Kva bør framhevast? Dette vil vi endre. Dette burde vi fjerne.

Forarbeid

- Finn ei gruppe med born og unge, slik som elevrådet, ein fritidsklubb eller eit fotballag. Ha med ein vaksen som dei kjenner (kontaktlærer, trenar, elevrådslærer). Inviter gjerne med representantar frå pensjonistlag, velforeining eller liknande.
- Deltakarane treng ikkje å bu i nærmiljøet som de skal rusle i. Dei bidrar med å sanse ting litt «utanfrå».
- Vel ein trasé på eit kart som passar for gruppa. Bruk inntil 1 time.
- Ark til kvar av deltakarane for å notere på stopp-punkta.
- Finn eit titals punkt i traseen for å stoppe og bruke sansane i nokre minutt. Ein parkeringsplass, ved kinoen, eit ubrukt areal, skuleplassen, eit grøntområde.
- Eit møtelokale med mat og drikke for å samlast til slutt.



Undervegs

- Ein gruppeleiar eller fasilitator tar ansvar for å stoppe ved dei utvalde punkta og å halde tidsplanen. Rolla er å koordinere gruppa, ikkje å vere sjef.
- På kvart stopp må alle deltakarar merke seg kva dei luktar, ser, assosierer, hugsar. Deltakarane kan skrive, ta foto, teikne, sende snapchat eller tekste.
- Få dei til å fortelle om kva slags forhold dei har til staden i det daglege.

Samling og verkstad

- Kva med å avslutte ruslemakinga på den lokale pizzaplassen?
- Leiaren samlar inn deltakarane sine notatar fra stoppunkta.
- Viss du har kartutskrift av området (A3 eller større), kan deltakarane fortelle og teikne, skrive og vere kreative på kart for å få fram kva dei vil endre i nærmiljøet.
- Du som leiar kan førebu ei liste med spørsmål som «Kva om du fekk ein gjest frå utlandet, kvar ville de dratt?» «Kva ville du vist fram?» De kan også supplere med andre deltakingsmetodar eller designmåtar, eller vurdere å bruke legoklossar til å vise tredimensjonalt kva som var tenkt.

Etterarbeidet blir å kategorisere og analysere innspela. Her er ingen fasit, berre ver fri og kreativ. Innspela er også givande og underhaldande å sjå på og å forstå. De lærer å verkeleg sjå og forstå plassen som de kallar for nabolaget, landsbyen eller nærmiljøet.

Denne forma for ruslemaking er utvikla av Alf Helge Greaker, samfunnsplanleggar i Bømlo kommune, saman med elevrådsrepresentantar frå tre skular. Vi takkar.





«DET VAR BARNEHAGEBORNA SOM BESTEMTE
TURMÅLA PÅ KARTET»

VURDERING OG EVALUERING AV ARBEIDET

FEIRING OG REFLEKSJON

LAG EIN VURDERINGSFEST PÅ SLUTTEN, OG UNDERVEGS OGSÅ

Å evaluere er å vurdere kva vi har oppnådd. Det er smart å ha evalueringar undervegs, og ikkje berre på slutten, fordi det vil gi rom for kursendring. Og kanskje det ikkje er nokon slutt! Eit ABCD-prosjekt treng ikkje å ha det. Deltakarane bestemmer. Noko kan bli avslutta, og noko anna kan starte. Ressursar kan brukast i kortare eller lengre periodar, og prosessane kan vere like viktige som resultat. Møteplassar og satsingar kan takast i bruk og dei kan vidareutviklast. Alt er ein del av det å skape sterke og berekraftige lokalsamfunn.

Vurderingsspørsmål for eit ABCD-prosjekt på skule kan vere:

- Kva har skjedd?
- Kvifor har det skjedd?
- Kva har vi lært?
- Har vi fått styre og drive prosessane?
- Har ressursane vi kartla komme i bruk?
- Kva har utveksling av ressursar ført til?
- Har vi fått dei skjulte skattane og ressursane opp i dagen og tatt dei i bruk?
- Blei alle invitert?
- Deltok fleire alderstrinn i prosessane, og har vi tilrettelagt for desse?



- Kven har vi inkludert? Kven er ikkje her, enno?
- Kor mange born og ungdommar som før var isolerte, er no kopla til andre?
- Kva har vi oppnådd?
- Kva effekt har det vi har fått til hatt?
- Kva for problemstillingar og dilemma har vi møtt?
- Har vi styrka eksisterande møteplassar og skapt nye?
- Har vi styrka eksisterande grupper, lag, klubbar eller organisasjonar og skapt nye?
- Har offentlege organisasjonar (som biblioteket eller sjukeheimen), ideelle organisasjonar, næringsliv, foreldre eller andre blitt invitert når tida var rett? Blei dei involvert og fekk dei bidra i utviklingsarbeidet på effektfulle måtar?
- Fekk vi hjelp av kommunen, næringsliv og andre til å utvikle det vi syns var viktig, i tråd med våre egne mål?
- Kva er vi nøgde med – og kva står igjen?
- Kor langt har vi komme i arbeidet med å nå måla som vi har sett?
- Har nye viktigare spørsmål dukka opp undervegs? Kva for spørsmål?
- Kva blir vegen vidare no?
- Kven ellers kan vi invitere inn?

Om du ser at nokon ikkje er engasjert eller litt utmeldt, spør kvifor. Gi dei ein sjanse til å kommunisere kvifor dei vil eller ikkje vil delta, og kva som må til for at dei vil. Viss store grupper er ekskluderte eller ressursar blir gløymde, så treng vi ei kursendring.

Ha ein flott og velfortent avslutningsfest, og hugs at dette også kan vere startstreken for neste utviklingseventyr! Lukke til!



HANDLELISTA OG KJØLESKÅPET

TIPS PÅ VEGEN

SJEKK KVA DU HAR, FØR DU BESTEMMER KVA DU TRENG

Når ein i familien går på butikken, kva gjer dei då først? Mange tar ein fitt i kjøleskåpet, i skåp og i skuffer, og dei skriv gjerne ei liste på det dei må handle i tillegg.

I planleggingsprosessar gjort av fagfolk gløymer dei ofte å sjå i kjøleskåpet først. Dei startar med kva som trengs utan å sjekke kva som allereie er der, eller alt som allereie er tenkt eller ligg i uferdige planar.

ABCD bidrar til å få opp i dagen dei ressursar som allereie eksisterer, og som utan vedtak, foreldreråd, løyve eller lange prosessar kan takast i bruk. Denne måten å tenke og handle på skiftar fokuset frå sluttleveransar til det å oppdage.

Det å sjå etter kva vi allereie har, og kva vi allereie kan gjere, det er så enkelt og så grunnleggande at det lett blir oversett og gløymt.

ABCD tar folk på alle aldrar og deira ressursar på alvor.

ABCD bidrar til berekraft, fellesskap, deltaking og styrkar lokaldemokratiet.



FORSLAG TIL HANDLELISTE FOR FØRSTE SAMLING

- *Ein liten gjeng som bryr seg, som planlegg og som inviterer andre personleg.*
- *Eit greitt lokale.*
- *Store kvite ark og tape.*
- *Post-it-lappar i rosa, grønt, gult og blått.*
- *Feite tusjar.*
- *Kulturinnslag. Nokon som kan spele eller vise noko, eller får folk til å le*
- *Mat, drikke og feiringsutstyr.*
- *Tråd i raudt og teiknestiftar.*



LOKALVETTREGLAR TIL SKULEN

TIPS PÅ VEGEN

- *Gjer aldri for andre, det dei kan gjere sjølv.*
- *Gi støtte ved å ta eit steg tilbake.*
- *Fokuser på styrkar og ressursar, ikkje på feil og manglar.*
- *Problem som de ser, skal helst ignorerast. Fokuser på moglegheiter.*
- *Ha det gøy, ha fest og hald uformelle samlingar, ikkje klassesstime eller møte.*
- *Start der borna og ungdommane er, lytt til det ungdommane og borna seier.*
- *Kva tenker borna og ungdommane på i sitt lokalsamfunn?*
- *Kva tenker borna og ungdommane på når dei er oppspilte eller ligg vakne?*
- *Start med det som born og ungdommar bryr seg nok om til å handle.*
- *Støtt dei i å få til ting som gjer ein synleg forskjell.*
- *Alle har evner og ressursar. Alle kan bidra.*
- *Bli kjent med ungdommane før dei presenterer kva dei vil.*
- *Feir resultat undervegs.*
- *Del gode historiar om det de gjer og om staden dykkar. Skap nye historiar saman.*



LOKALSAMFUNNET BLIR GJERNE MED SJØLV OM DU IKKJE MEINTE DET SÅNN

ABCD-prosessar skapar engasjement og lyst. Ein kan ikkje seie på førehand kvar det endar når ressursane blir sett i spel. Sjølv om de hadde tenkt å avgrense prosessen til til dømes klassen, så kan den ta av. Prosessar skyt ofte fart når born og unge startar med ressurskoplingar for å få til noko nytt. Til dømes så allierte born seg med vaksne skatarar på Stord. No har dei samla inn kr 5000 for å få teikna ein betongpark, med ein ambisjon om å få han bygd bak kulturhuset.

Som lærar bestemmer du sjølv i kva grad du vil inngå som ressurs utover din lærarrolle. Minn elevane på at dei treng å mobilisere ressursar hos seg sjølv og andre for å drive ting framover. Dersom det trengs fleire til å realisere noko, så må ein finne nettopp desse personane.

- Foreldre, besteforeldre eller heile lokalsamfunnet blir gjerne engasjerte når born og unge har sett i gang sine prosessar. Og bra er det.
- Inviter born og unge til å presentere sitt arbeid, sine ressursar og idéar til andre. Ei utstilling på skulen eller invitasjon til lokalavisa kan vise fram kva born og unge ønsker å få til i sitt nærmiljø. Det kan føre til nye kontaktar og mobilisere fleire.
- Lag ein verkstad rundt ein idé! Her kan samarbeid mellom born, unge og vaksne byggast. Eldsjeler, organisasjonar eller foreldreutval kan koplast på. Korleis vil dei vaksne bidra? Har dei eigne idéar som dei vil utvikle?
- ABCD-prosessar bygger i størst mogleg grad på lokale ressursar. Det å kople på lokalsamfunnet kan gi ein rik læringsarena, og mykje bra kan bli realisert.



KVA NÅR UNGDOM OG BORN KRANGLAR OM PROSJEKT? OG DEI VAKSNE OGSÅ

DET ER ALDRI SÅNN AT ALLE ER EINIGE OM ALT

Når elevar får større moglegheiter til å sjølv ta styring, og i utviklingsprosessar generelt, så kan det oppstå konflikhtar. Desse kan ha ulik styrke og alvor. Konflikhtar kan vere ubehagelege, men dei kan også reinse lufta og gi ny giv. Her er nokre forslag for å få sortert konflikhtar:

- Finn ut kva dei er ueinige om. La dei sjølv presentere for kvarandre kva det går i.
- Spør korleis dei tenker at dette kan løysast. Gjennomgå forslaga, som kjem . Kva kan vi vere einige om? Kva må vi vere einige om å vere ueinige om?
- Sjekk at ingen sterke stemmer køyrer over meir forsiktige og svake stemmer. Finn dei naturlege fredsmeklarane i gruppa og la dei ta plass.
- Minn dei på at det er ok å tvile, og at det er ok å seie nei til ting. Det er sunt. Som ein som heiter Peter Block sa: «Viss du ikkje kan seie 'nei', så blir ditt 'ja' heilt meningslaust.»
- Det er lov å vere ueinig, samtidig som det er viktig å finne måtar å samarbeide på. Snakk saman om korleis ein kan vere ueinig utan å vere vanskeleg. Kva for tips har dei sjølv? Born kan vere like gode til dette og like rause med kvarandre som vaksne!
- Det er sunt med litt spenning i meningsfeltet. Det representerer mangfaldet som skulen og nærmiljøet har, og det er ein styrke i seg sjølv.



HEILT TIL SLUTT

NOKRE VIDEOAR SOM KAN VERE TIL INSPIRASJON I ARBEIDET

**Læreplanverket:
Demokrati og
medborgerskap**



[udir.no/lk20/overordnet-del/prinsipper-for-laring-utvikling-og-danning/tverrfaglige-temaer/demokrati-og-medborgerskap/](https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/prinsipper-for-laring-utvikling-og-danning/tverrfaglige-temaer/demokrati-og-medborgerskap/)

**Læreplanverket:
Folkehelse og
livsmestring**



[udir.no/lk20/overordnet-del/prinsipper-for-laring-utvikling-og-danning/tverrfaglige-temaer/folkehelse-og-livsmestring](https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/prinsipper-for-laring-utvikling-og-danning/tverrfaglige-temaer/folkehelse-og-livsmestring)

**Læreplanverket:
Menneskeverdet**



<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/opplaringens-verdigrunnlag/1.1-menneskeverdet/>

**Læreplanverket:
Skaperglede,
engasjement og
utforskertrang**



<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/opplaringens-verdigrunnlag/1.4-skaperglede-engasjement-og-utforskertrang/>

**Læreplanverket:
Identitet og
kulturelt
mangfold**




<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/opplaringens-verdigrunnlag/1.2-identitet-og-kulturelt-mangfold/>

**Barn og unge og
planlegging
etter plan- og
bygningsloven**




<https://www.regjeringen.no/contentassets/bccd028e3b494d2fa8c6840851f2f2f/t-1513.pdf>

**Take a street
and build a
community,
Shani Graham
at TEDx Perth**



[youtube.com/watch?v=C1WSkXW5Jac](https://www.youtube.com/watch?v=C1WSkXW5Jac)

**How to start a
movement?
Leadership
lessons from
Dancing Guy.
Gabo Huang**




[youtube.com/watch?v=lbaemWljEQ](https://www.youtube.com/watch?v=lbaemWljEQ)

**Sustainable
community
development:
from what's
wrong to what's
strong. Cormac
Russell**




<https://www.youtube.com/watch?v=a5xR4QB1ADw>

**Lær hvordan
Sætreparken i
Arna ble til.
Bergen
kommune**



[youtube.com/watch?v=6UCjwqfZNhM](https://www.youtube.com/watch?v=6UCjwqfZNhM)

**Nærmiljø-
dokumentar.
Bømlo
Kommune**



[youtube.com/watch?v=1Ezmo_wSdlU](https://www.youtube.com/watch?v=1Ezmo_wSdlU)

**Potensielt ikke
pinlige
icebreakers**



everydayteacherstyle.com/2017/08/08/fun-non-embarrassing-icebreakers-for-high-school-middle-school-students/

ABCD blir brukt av lokalsamfunn verda over.

Asset Based Community Development (ABCD) er ei ressurs- og styrkebasert tilnærming til lokalsamfunnsutvikling. Det vert brukt i skular rundt i heile verda, både i klasserommet og som brubygging mellom skule og nærmiljø.

Heftet er skriva for alle som ønsker å mobilisere born og unge. Dei styrkebaserte øvingane passar som undervisningsopplegg under dei tverrfaglege temaa i læreplanen: Demokrati og medborgarskap og Folkehelse og livsmeistring. Øvingane er ein god inngang til å gi elevlar forståing av demokratiske prosessar og medborgarskap. Dei skapar entusiasme og lyst til å bidra i utforming av lokalsamfunnet. Her får elevane kunnskap om eigne og andre sine styrkar, og korleis dei sjølv kan skape nettverk og gjere ein forskjell i utvikling av eige lokalsamfunn.

Samfunnsarbeidsseksjonen ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) forskar og underviser i ABCD, knytt til masterprogrammet i samfunnsarbeid. Samfunnsarbeid handlar om å støtte folk i å utvikle tiltak, lokalsamfunn og betre levekår. Tilrettelegging og deltakardemokratiske metodar står sentralt.

Oppskriftsheftet bygger på erfaringar frå kommunane Askøy, Bergen, Bømlo, Fitjar og Stord, i tillegg til ei internasjonal kunnskapsoppsummering. Vestland fylke har støtta arbeidet. Vi lærer stadig noko nytt om korleis ABCD kan brukast og kva det kan føre til. Del gjerne dine erfaringar med oss!



Rita Agdal

1. amanuensis
Fagseksjonsleiar
Seksjon for samfunnsarbeid
Høgskulen på Vestlandet
93 41 55 25

riag@hvl.no



Inger Helen Midtgård

Høgskulelektor
Seksjon for
samfunnsarbeid
Høgskulen på Vestlandet
45 23 20 52

ihmi@hvl.no



Rianne Vogels

Høgskulelektor
i entreprenørskap
Høgskulen på Vestlandet
og Handelshøyskolen BI
91 58 83 39

rianne.vogels@bi.no